

Statens Vegvesen  
Region vest  
Mail: [Firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:Firmapost-vest@vegvesen.no)

Dato: 07.09.2018  
Vår ref: Sak nr 17012  
Dykkar ref: 18/90634-3, 28.05.2018. BS

## **Følgeskriv fråvikssøknader – Kryss Rv15 - Måløy**

Nordplan utarbeider på vegne av Vågsøy kommune detaljreguleringsplan for omsorgsbustader på Kulatoppen, med tilhøyrande infrastruktur. Det er varsla oppstart i saka i april 2018, med innspelfrist 20.mai 2018.

I denne saka har ein ei spesielt stram tidsramme. Bakgrunnen for dette er at utbygginga må bli klar til strukturen for omsorgsbustader endrar seg ved kommunesamanslåing, slik at ein unngår at pasientar manglar eit bu-tilbod. For å få ein lang nok byggeperiode og for å kunne gjennomføre prosjektet utan større revisjonar er ein avhengige av å ha rammeløyve for bygget avklara i inneverande år. Husbanken sitt regelverk endrar seg ved nyttår. Vi ber derfor om forståing for at søknad om fråvik vert innsend samtidig med at planframlegget er levert til fyrste handsaming i kommunen.


Vi viser til annonseringsbrevet for nærare detaljar om planarbeidet. I samband med reguleringa er det spelt inn frå SVV at det skal gjerast ei vurdering i høve krysset med Rv 15, og ev. behov for fråvik frå vegnormalane.

Nordplan har utarbeidd ein trafikkanalyse, datert 07.09.2018, denne ligg ved. I denne vert det konkludert med at eksisterande kryss avvik frå vegnormalen på to hovudpunkt:

- Venstresvingefelt (passeringslomme) i Riksvegen
- Trafikkøy (dråpeøy) i sekundærvegen

Søknad om fråvik på desse to punkta ligg ved.

Som det går fram av fråvikskjema, vil ei ev. omarbeiding av krysset medføre kostnadskrevjande grep, også fortau må flyttast ev. utvidast. Ein konsekvens av dette vert fort at bustadhus på gnr/bnr 105/91 må rivast/erstattast eller gjere store tilpassingar.



Utklipp frå GisLine.

Det er klart frå kommunen si side at det ikkje er økonomisk rom for å gjennomføre ei slik ombygging innafor kommunen sine rammer.

I samband med innleiande fasar i planarbeidet har Vågsøy kommune gjennomført ei vurdering av ulike utbyggingsalternativ for denne typen tilbod. (*Overordna vurdering av lokalisering av 16 nye omsorgsboliger og 8 sjukeheimsplasser, Vågsøy kommune 25.01.2018 – ligg ved*).

Konklusjonen i vurderinga er at:

### 3.4 KONKLUSJON

Ved Skaretun I og II og i nærområdet er det ikke tomter som er egnet for utbygging.

Ved Kulatoppen bo- og omsorgssenter er det egnede tomter for utbygging både samlokalisert og i nær tilknytning. Fordelene ved en samlokalisert utbygging er vurdert til å være vesentlig størst. Man vil her få de største positive effektene med hensyn til kvalitet og ressursutnytting. Reguleringsprosessen vil avklare parkeringsdekning og evt. tiltak som følge av nærheten til storulykkedforskriftsanlegget.

Det kjem også fram i drøftingane med kommunen at det ikkje er tilgang på alternative utbyggingsområde utan omfattande reguleringsprosessar. Eit krav om full ombygging av krysset vil dermed kunne forhindre ei utbygging på Kulatoppen, og skape store utfordringar i forhold til å få på plass eit tilfredsstillande tilbod til brukarane innan kommunesamanslåing vert gjennomført.

Kravet til utbetring er til stades i utgangspunktet. Dei endringane som framtidig utbygging medfører er ikkje av ein slik storleik at situasjonen endrar seg drastisk. Ved å til dømes rive og bygge nytt, ville ein i teorien kunne utvide med inntil 30 bueiningar innafor gjeldande reguleringsplan for omsorgssenteret, rett nok med dyre og irrasjonelle bygningsgrep. Planendringa vert gjort for å sikre god bukvalitet og rasjonell utbygging for det behovet som er

til stades no. I reguleringsendringa gjer ein avklaringar for 24 rom, det er eit poeng i vurderinga at dette ikkje er ei utviding, i forhold til gjeldande plan.

Det er også slik at tidshorisonten for øvrig utbygging som ein tek høgde for i framtids scenariet er uavklara. Slik utviklinga er i dag, er det ikkje grunn til å tru at all utbygging er gjennomført i løpet av neste ti år. På vegne av VK vil vi be om at denne problemstillinga vert handtert i overordna strategiar for vegdrift, i staden for å kvile på eitt enkelt prosjekt.

Kapasitetsvurdering for krysset vert utarbeidd og ettersend som grunnlag for dykkar vurderingar.

Med helsing  
for Nordplan AS



Siri Gausemel  
Arealplanleggar

Vedlegg:

- Trafikkvurdering for avkøyring til Ytre kulen frå Rv 15, i samband med utbygging av Kulatoppen omsorgssenter. Nordplan 07.09.2018.
- Søknad om fråvik – venstresvingefelt, 07.09.2018
- Søknad om fråvik – dråpeøy, 07.09.2018.
- Overordna vurdering av lokalisering av 16 nye omsorgsboliger og 8 sjukeheimsplasser, Vågsøy kommune 25.01.2018.